



BARNEOMBODET

Justis- og beredskapsdepartementet,
innvandringsavdelingen
Postboks 8005 Dep
0030 OSLO

E-post: postmottak@jd.dep.no

Dykkar ref:	Vår ref:	Saksbehandlar:	Dato:
	15/00509-2	Anders Cameron	11. mai 2015

Høyring - endringar i utlendingslova og utlendingsforskrifta – heva krav om butid

Barneombodet viser til høyringsbrev datert 27.3.2015 med forslag om heva krav til butid for å få permanent opphaldsløyve i Norge. Vi vil berre kommentere forslaget om krav til butid, ikkje dei andre forslaga i høyringsnotatet. Barneombodet meiner barn bør ha eit meir føreseieleg regelverk, og at departementet enten bør gjere unntak frå kravet om fem års butid for barn eller pålegge utlendingsmyndigheitene å gjere ei individuell vurdering etter artikkel 3 i barnekonvensjonen direkte i § 62 i utlendingslova.

Om Barneombodet

Barneombodet skal jobbe for at barn og unge sine behov, rettar og interesser skal bli tekne godt nok omsyn til på alle område i samfunnet. Barneombodet skal foreslå tiltak som er bra for barn, og vi skal spesielt følgje opp FN's barnekonvensjon.

Generelt om artikkel 3 i barnekonvensjonen

Artikkel 3 i barnekonvensjonen pålegg norske myndigheiter å gjere ei vurdering av kva som gagnar barnet best i alle sakar som vedgår barn. Omsynet til barn skal ha grunnleggjande vekt i avgjerder som vedgår barn. På side fem i høyringsnotatet skriver departementet kort om artikkel 3 i barnekonvensjonen. Departementet konstaterer plikta til å vurdere omsynet til barn, og skriver vidare at statane òg kan leggje vekt på andre omsyn. I konvensjonen står det at omsynet til barnet skal være grunnleggjande. Dette er òg tatt inn i § 104 i Grunnlova. Departementet nemner ikkje kravet i barnekonvensjonen om vekta omsynet til barn skal ha, slik FN si barnerettskomité fortolkar artikkel 3 i barnekonvensjonen i sin generelle kommentar nummer 14.

I høyringsnotatet er det gjennomgåande svakt utgreia kva som vil være til det beste for barn. Vi kan ikkje sjå at departementet har gjort greie for korleis omsynet til barn er vekta opp mot andre omsyn. I det vidare vil vi seie noko om konsekvensar forslaget vil ha for barn, som departementet ikkje drøftar i høyringsnotatet. Vi anbefalar at departementet greier ut disse konsekvensane før saka vert endelig avgjort eller sendt til Stortinget.

Krav om fem års butid - behov for føreseielege reglar og unntak for barn

Barn har behov for føreseielege reglar. Det at familien er sikra ei føreseieleg framtid er mellom anna viktig for barns utvikling, læring og helse. Barn merkar vaksne si uro knytt til

viktige saker. Barneombodet har snakka med barn som har budd lenge i asylmottak og barn som har foreldre som er utviste frå Norge, og uvisse plagar dei mykje. Jo lenger ein lar ein familie leve med usikkerheit, jo meir vil det kunne gå ut over barnet. Departementet vurderer ikkje disse svært viktige konsekvensane forslaget kan ha for mange barn.

Det er ikkje gjort skikkelig greie for konsekvensane forslaget vil ha for barn i ulike livssituasjonar. Til dømes er det ikkje berekna kor mange barn man trur vil bli omfatta eller gjort greie for kva grunnlag disse barna har for opphaldsløyva si i Norge. Departementet skriver heller ikkje om konsekvensane av forslaget for barn med permanent opphaldsløyve som risikerer at ein av foreldra mister opphaldsløyva etter eit samlivsbrot. Konsekvensane av at fleire vaksne som har barn i Norge kan verte utviste som ei følgje av regelendingane er det heller ikkje gjort greie for.

Departementet skriv kort om barn på side 6 og 7 i høyringsnotatet, og da berre om barn som har hatt opphaldsløyve med ein forelder som har opphald i familiegjening med ektefelle/sambuar i Norge, og som ikkje vil ha rett til opphald i Norge dersom grunnlaget for opphaldsløyva fell bort før det har gått fem år. Barn i denne gruppa kan få opphald etter utlendingslova § 38 og utlendingsforskrifta § 8-5. Departementet ser ut til å meine at fleire barn skal få opphald etter § 38, og at dette er ønskeleg av omsyn til barna.

Barneombodet antar at departementet har rett i at akkurat barn som er her med ein forelder som har opphaldsløyve i familiegjening vil kunne få opphald etter utlendingslova § 38 etter tre år. Det er ikkje utreda om dette òg vil gjelde barn som har hatt andre opphaldsgrunnlag.

I forarbeida til utlendingslova er § 38 omtala som ein «sikkerheitsventil». Vurderingane etter § 38 er i stor grad skjønnsvurderingar. Dei er berre delvis regulert gjennom forskrift, og kan berre i avgrensa grad prøvast av domstolane. Barneombodet meiner det er uheldig at departementet i staden for å leggje fram eit lovforslag som gir ei tydeleg og føreseieleg regel om opphaldsløyve til barn, overlét vurderinga til forvaltninga ved å vise til utlendingslova § 38.

I staden bør ein gjere unntak frå kravet om fem års butid for barn eller vise til artikkel 3 i barnekonvensjonen direkte i utlendingslova § 62. Det er viktig at Stortinget får ta stilling til om man ønskjer unntak frå kravet om fem års butid for barn og at dette i så fall vert regulert direkte i lova for å sikre eit føreseielig regelverk for barn.

Barneombodet takker for mogelegheita til å uttale seg om forslaga. Ta gjerne kontakt med oss om de har spørsmål eller ønskjer dialog om denne saka.

Venleg helsing

Camilla Kayed
fagsjef

Anders Cameron
seniorrådgjever

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen signatur.